



Magne Hope AS Entreprenørforretning
Øystein Hope
Litlåsvegen 197
5954 MONGSTAD

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8195 - 23/35951

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2023

Mellombels bruksløyve - kai, fylling i sjøen, murar, naustetomt gbnr
106/12 Fanebust

Administrativt vedtak: **Saknr: 482/23**
Tiltakshavar: Vagleik Vabø
Ansvarleg søkjar: Magne Hope AS Entreprenørforretning
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for kai, utfylling i sjøen, murar og naustetomt på gbnr 106/12 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: for kai, utfylling i sjøen, murar og naustetomt.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.01.25 då naust skal vere ferdigstilt.**

Vedtaket erstattar tidlegare ferdigattest DS 479/23 datert 09.05.23 i sak 21/8195.

Både naustetomt og utfylling ble frådelt til gbnr 106/170 i eigen sak 22.09.22.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/8195, datert 19.01.22.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Oppføring av naust. Naust skal ferdigstillast innan 01.01.25

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: for kai, utfylling i sjøen, murar og naustetomt.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.05.23.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

Skildring

Adresse:	Fonnebostvegen 291 5955 Lindås
Bygningstiltak:	Kai, utfylling i sjøen, murar, naustetomt
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	
Avløp:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket være nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8195

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vigleik Vabø

Fonnebostvege 5955
n 293

LINDÅS

Mottakarar:

Magne Hope AS
Entreprenørforretning

Litlåsvegen 197 5954

MONGSTAD